

KYRKJEBLAD

B

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb.122,6659 Rindal



April 2011

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har født oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.» 1. Pet 1,3

Nr. 2 - 71. årgang

Fastesalme

(Tone: Jesus din søte forening å smake)

Fridomens Jesus, stig inn i mitt minne.
Bind meg til deg, gi meg levande tru.
Grumset i sjela, alt svart du vil finne,
tak det og rens det, til lovsongar snu.
Du som gav livet for meg og dei andre,
bind oss så fast at vi aldri fell frå.
Hald meg, du Herre, som ingen vil klandre,
fridomens Jesus i hjarta mitt stå.

Tanken min ser deg i hagen der inne
der du på kne kjempa kampene ut.
Der dine sveinar gav opp, let seg finne,
sovande, berande nattlivets sut.
Du gjekk mot døden, den djupaste pine,
Jesus du heilage Faderens Son.
Rein utan synd tok du smertene mine.
Blodet som rann gir meg livsvarig von.

Kjærleikens Herre, på krossen du døydde,
fridomens Jesus, i hjartet mitt ver.
Livet du ofra, gav nåden og Anden,
lær meg å leva der bøna er nær.
Jublande hjarte, med æva og æra,
sign dine sår, dei som blødde for meg.
Sign dine sår i det jublande hjarte,
lær meg å vandre ein æveleg veg.

Fridomens Kristus, i deg vil eg ande.
Hjartet mitt har du, du held om mi hand.
Soning og offer har lært meg å sanne
gåva for freden er himmelens land.
Fritt får eg vakne med songar i munnen.
Nåden og gleda bur begge i lag.
Tanken den tunge er borte forsvunnen.
Eg skal få leve ein jublande dag.

Eldrid Lausund



Sein påske

Første påskedag er første søndag etter første fullmåne etter vårjamm-døgn. Dette er skulelærdomen.

Og da er det lett å finna ut at seinare enn i år kan vel påska knapt bli, når det er fullmåne 19. mars og måndag 18. april. Men om påska er tidleg eller sein, med snø eller ikkje, så er det først og fremst ei kyrkjehøgtid, ja, kanskje vår største. Med takk og glede over den evige, levande von vi har i trua på Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

Den spesielle musikkmesse i Stangvikkyrkja i midten av fastetida, med kor og orkester, peika fram mot påskehøgtida gjennom storslagen lovsong og inderleg bøn og tilbeding. Den kalla oss til å koma fram for Gud med takk og bøn også denne påska

Tekst/foto: ERE

Velsigna påskehøgtid!





ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

Bibelutdeling og leir

Dei som fyller 11 år no i 2011 var med på gudsteneste i kyrkja og fekk Bibel – ei ny Bibelutgåve spesielt tilrettelagt for alderen 10 – 14 år. Så har også mange av dei vore med på leir i Flemma. Vi lærte om Bibelen og øvde oss på å finne fram i Bibelen. Dessutan snakka vi om Bibelen sin hovedperson – Jesus.

Elles var det fint ver til å køyre akebrett ute – både om kvelden i måneskinet og på dagtid. Gym-salen var mykje i bruk, og ho Kari sørگا for god mat. Fire ungdommar var med som leiarar.

Foto:PD



I klatrenettet



Før vi somnar

Tårnagenthelg

Mange forventningsfulle tårnagentar vart kontrollert, sjekka inn og var i aksjon på tårnagenthelga i Øre kyrkje. (Bilde: Kontroll). Dei lærte av politiet korleis ein skal finne spor, og dei undersøkte heile kyrkja på jakt etter symbol. Svært mange symbol vart oppdaga, og nokre vart vist fram på gudstenesta søndagen. Elles var sjølvsaugt tårnet eit naturleg høgdepunkt for ein tårnagent, der klokker og lyd vart utforska. Det vart ei flott helg!



Klar på akebretta

Menneskerettsombod

Mørebisop Ingeborg Midttømme ønsker eit eige menneskerettsombod som kan vurderer asylsaker. Som medlem i Utlendingsnemnda gjennom fire år er ho djupt bekymra over avgjerder tatt i Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE) der ho meiner det er svært liten kompetanse på kva konvertering til ei kristen tru betyr for asylsøkjjarar frå muslimske land spesielt. Det har i det siste vore fokus på at Norge har gitt avslag til og sendt tilbake asylsøkjjarar til land der dei vart utsette for fengsel og grov tortur.

Også når det gjeld språk, meiner ho det er for dårleg fagkompetanse. (Kjelde VL)

Påske og påskevandring

Vi nærmar oss påske. På ein eller annan måte har vi alle eit forhold til påska. Mange av 1. og 2.-klassingane har vore i kyrkja no før påske og vandra gjennom påskeforteljingane. Då blir det aktuelt og levande. For oss andre vil vandringa bli på ein annan måte. Heime eller på hytta kan påskedramaet få følgje oss. Det er godt å bruke bibel, andaktsbok og salmebok for å finne påska sine ord og bilde. Og i kyrkjene samlast vi til gudstenester som fører oss gjennom dei ulike påskedagane og får oss til å kjenne at påske – det gjeld liv og død – for Jesus og for oss som menneske og kyrkjelydar. Vel møtt i kyrkja i påska!



Ved klokka i tårnet

Nye søndagsskular

I året 2010 vart 69 nye søndagsskular og barnegrupper innmelde i Norsk Søndagsskoleforbund.

Av dei var det 3 på Nordmøre, 2 i Romsdal og 5 på Sunnmøre, i alt 10 nye søndagsskulegrupper i bispedømet vårt.

Gruppene på Nordmøre var: Torvik Søndagsring, FRIENDS og Tenkeboksen.



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
 Telefaks 71 53 12 40
 E-post: post@kirken.tingvoll.no
 Biletet: Straumsnes kyrkje

Joseph Haydn: Jesu syv ord på korset

”Jesu syv siste ord på korset” er en samling av syv korte strykekvartetter. De innledes av hvert sitt sitat som Jesus ytret under korsfestelsen like før han døde, hentet fra de fire evangeliene.

Frasene inngår i en form for kristen meditasjon som særlig brukes i fastetiden, den stille uke og langfredag. Joseph Haydn holdt verket for å være det fremste han hadde komponert. Det var opprinnelig skrevet for fullt orkester, men Haydn arrangerte det også for mindre ensembler.

Fremføringen er det Kristiansund festivalkvartett som står for. Alexander Robson (fiolin) og Anders Rensvik (bratsj) er oppvokste på Frei og har opptrådt mye i Kristiansundsområdet. Åshild Breie Nyhus (fiolin) spiller klassisk og folkemusikk. Hun er ansatt i Oslo Filharmoniske orkester. Det samme er Audun Sandvik (cello). Han er svært aktiv som solist og kammermusiker, både nasjonalt og internasjonalt.

På konsertene blir tekstene lest av Tor Strand (Tingvoll), Ole Dahl Rossbach (Bremsnes og Nordlandet) og Helge Storset (Hov kirke).



Skjærtorsdag 22.april kl. 16.30
 Skjærtorsdag 22.april kl. 20.00
 Langfredag 23.april kl. 16.30
 Langfredag 23.april kl. 20.00

Nordlandet kirke
 Hov kirke, Sunndal
 Bremsnes kirke
 Tingvoll kirke

Kristiansund Festivalkvartett
 Kristiansund Festivalkvartett
 Kristiansund Festivalkvartett
 Kristiansund Festivalkvartett

Ole Dahl Rossbach
 Helge Storset
 Ole Dahl Rossbach
 Tor Strand

Rannveig Bröske

Gudstenesteforordning

Før vedtak om ny hovedgudsteneste i kyrkja vår er det behov for ein gjennomgang av gudstenestetala i sokna ut frå at regelmessige samlingar om Ordet og sakramenta er det berande for kyrkjelyden.

Biskopen bestemmer kor mange gudstenester det skal vera i kvar kyrkje og annan gudstenestestad. Prostane har fullmakt til å bestemme tidspunkt for hovedgudstenestene.

Sokneråd, fellesråd, alle kyrkjeleg tilsette og soknemøtet blir bedne om å sette av tid til arbeidet med gudstenestetallet i alle sokn våren 2011.

Dette arbeidet har starta.

Tre omsyn er rekna med i grunnlaget: Regelmessige gudstenester i alle sokn. Gode arbeidstilhøve for alle tilsette. Økonomisk dekning i bispedømmeråd og fellesråd.

Grunnlaget er eit prinsippal pr prest pr

år i 100 % stilling:

45 gudstenester på 45 arbeidssøn- og helgedagar pr år + ekstra hovedgudstenester på «store» arbeidssøndagar når mange søker til kyrkje, t. d. jul aftan, konfirmasjonar, ved aldersbestemte gudstenester osv + 6-12 andre gudstenester pr år på arbeidskvardagar, for eldre/andre eller i samband med trusopplæringa på ettermiddag og kveldstid.

Gudstenestedeltaking

I 2009 vart det registrert 6,3 mill deltakarar på gudstenester i Den norske kyrkja, dvs 1,6 besøk pr medlem i gjennomsnitt. Kvar søndag er det i gjennomsnitt 86.000 som deltek på gudsteneste i Den norske kyrkja, i gjennomsnitt 93 personar pr gudsteneste. Ganske stabilt frå 2009 til 2010, men ein nedgang på ca 10 % i eit tiårsperspektiv.

Stavanger bispedøme har høgst deltak-

ing, med tre menigheter på topp, Stavanger domkyrkje som den best besøkte i landet med 301. Hamar bispedøme har færrest deltakarar.

I Møre bispedøme har Ulstein flest gudstenestedeltakarar med 248.

Det føreligg ikkje prosentvise tal i høve til medlemstala i sokna, eller i høve til gudstenestefrekvens, noko som kunne vore meir interessant. Prosentvis er det langt fleire som går til gudsteneste i små sokn enn i sokn med fleire tusen medlemar. Kjelde : Vårt Land

«Snakker du til et menneske på et språk det forstår; når det til hodet. Snakker du til han på hans eget språk, når det inn til hjertet.»

Nelson Mandela



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
 E-post: stig@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Familiegudsteneste i Gjøra kapell, 6. mars

Dei som var i Gjøra kapell denne søndagen fekk ei fin stund. Under gudstenesta var det innslag med song og dans av elevar og barn frå Gjøra skole- og barnehage. I tillegg fekk fireåringane i Romfo sokn Biblar frå soknerådet, og det var kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Takk til alle som deltok!
 Takk for fint program!

Tekst og foto: Gunn Signe Aarnes



I dag hjelper fleire til med å plassere tinga på alteret.



Laskerud får hjelp til å konkretisere dagane inn mot fastetida.

Pilegrimsdirektør

Berit Lånke, tidl sokneprest i Trondheim og dagleg leiar av Nidaros Pilegrimsgård, er tilsett som direktør for eit nytt midlertidig nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim.



Bibelen

I 2009 vart det distribuert 29 mill biblar i verda. Det er ein auke på 3 % frå 2008. Tar vi med nytestamente, bibeldelar og andre skrifter med utdrag frå Bibelen, er den totale mengda utrulege 430 mill eksemplar som dei omlag 140 bibelselskapa rundt om i verda selde eller delte ut. Formidling via andre media auka med 30 %. (Kjelde: Nytt om Bibelen, Bibelselskapet)

Verdas største

Verdas største bibeltrykkeri ligg i Kina, eit land med 1 300 millionar menneske (20% av verda befolkning) og med 9 % kristne.

Sidan Amity bibeltrykkeri vart etablert i Nanjing i 1987 er det trykt 80 mill biblar der. Av desse er 54 mill distribuerte i sjølve Kina. I tillegg er det trykt 20 mill biblar for meir enn 70 land i verda.

80 % av trykkeriets produksjon er biblar.

For 40 år sidan vart Bibelen beslaglagt, konfiskert og brent. No er Bibelen ein bestseljar.

www.bibel.no

Visjon 2025

«Visjon 2025» er ei rørsle som starta gjennom Wycliffe-alliansen i 1999 og har som målsetjing at alle språk med behov for det skal få starta bibelomsetjing innan 2025.

Sidan år 2000 har det vorte starta heile 838 omsetjingsprosjekt til språk som ikkje hadde nokon del av Bibelen tidlegare. (Gjennomsnitt 76 nye språk pr år) (Kjelde: Wycliffe Internasjonal 2010)

Kyrkjevekst

Aldri før har den kristne kyrkja på jorda opplevd ei så sterk vekst som i våre dagar. Kyrkjebiletet er i radikal forandring, og kyrkja i Sør sender i dag ut tusenvis av misjonærar. Mange av desse er engasjerte i bibelomsetjing. (Kjelde: Nytt om Bibelen, Bibelselskapet)

Miljø

Faste kyrkjegjengarar i Norge er meir opptatt av miljø enn andre nordmenn, viser ei spørjeundersøking mellom 50 000 personar i 28 europeiske land. (European Social Survey) Dvs 54,5 % mot 48,7 %. (Vårt Land og Grønn menighet)



I skrivande stund er det nett blitt opna for å sjekke sjølvmeldinga for 2010 på nett. Media har allereie byrja å tilby forbrukarstoff som skal hjelpe oss til ikkje å gå glipp av eit einaste frådrag, og gong på gong blir det understreka kor viktig det er å gå den ferdigutfylde sjølvmeldinga grundig etter i saumane, og sjekke at alle tal stemmer. For ingen vil vel betale for mykje i skatt!

Er du som meg så fylgjer du desse oppmodingane, samlar på årsoppgåver heilt frå dei fyrste kjem i byrjinga av januar, sam-anliknar opplysningane med det som står i sjølvmeldinga, og passer på at ein i alle høve har fått med dei frådraga som Dagbladets skatteekspertar seier at det er vanleg å gløyme. Eg har enno til gode å finne feil i den tilsendte banketten frå Skattetaten, og mange hundrelappar i ekstra frådrag er også sjeldan kost, men likevel er dette ei øving eg samvitsfullt har gjenteke i mange år, for å sikre at Staten får tak i minst mogeleg av pengane mine.

Ofte høyrer ein utsegna at ”mine skat-

tepengar” blir brukt, eller oftare; misbrukt, slik eller slik. Eg trur ikkje eit slikt tankesett er sunt. Poenget med at eg betaler skatt er jo nettopp at desse pengane ikkje er mine lenger. Dei er fellesskapet sin eigedom! Desse pengane er politikarane sett til å forvalte på best måte. Derfor bør det sjølv sagt påtalast og rettast opp når desse pengane ikkje blir brukt på ein god måte. Dårleg økonomiforvaltning er imidlertid ikkje eit åtak på meg direkte som skatteytar, men noko som rammar heile samfunnet som eg igjen er ein del av.

Eg trur politikarane våre stort sett gjer så godt dei kan, men også dei er menneske med dei avgrensingane dette inneber i høve til å få til dei beste ordningane for så mange som mogeleg. Vi veit at mange ikkje får den hjelpa og dei tenestene dei har grunn til å forvente i eit av verdas rikaste land, men samstundes veit vi at mange også nyt godt av eit velferdstilbod innbyggjarar i mange andre land berre kan drøyme om, sjølv om systemet vårt er langt i frå å være perfekt.

Det har dei siste åra blitt tydelegare for meg at medan den private økonomien min stadig blir meir komplisert ettersom eg blir eigar av meir, tar opp meir lån, plasserer pengar i ulike investeringar osv, blir likevel tida eg nyttar på sjølvmeldinga mi kortare og kortare for kvart år. Eg slepp jamvel å gå ut av huset for å levere ho, sidan eg no kan gjere dette via telefon eller internett. Det forbetra systemet for utfylling og levering av sjølvmelding er med andre ord eit glimrande eksempel på at styresmaktene faktisk har klart å nytte nokre av pengane vi betaler inn i skatt på å forbetre liva til menneska dei er sett til å styre over.

Når eg får sær god handsaming på restaurant plar eg å legge att litt meir enn det som står på rekninga. I år har eg bestemt meg for å bruke mindre tid enn vanleg på å finne dei lure frådraga i sjølvmeldinga. Skulle eg slumpe til å betale nokre kroner meir enn naudsynt i skatt, får det heller vere. Samfunnet handsamar meg så bra at eg gjerne gjev litt tips ...

Leif Endre Grutle

Inspirasjonshelg

Barnetro - Voksentro

Dette var temaet for inspirasjonshelg i Surnadal med Johan Arnt Wenaas 18.mars. Omtrent 30 personer deltok på inspirasjonshelga der Johan Arnt delte fra sin eget livs- og trosvandring.

Johan Arnt Wenaas er prest og forfatter. Han har i mange år arbeidet som forstander og direktør ved Diakonissehuset Lovisenberg. De siste yrkesaktive årene var han generalsekretær i Kirkens sosialtjeneste. Han har bred erfaring med sjlesorg og møte med mennesker i krise.

Fredag kveld delte han åpent og ærlig om sitt eget liv på godt og vondt. Han knyttet livet sitt opp mot troen på en måte som gjorde at vi kunne kjenne oss igjen – ingen var i tvil om at vi befinner oss i verdens tøffe virkelighet og at Gud finnes akkurat der. På forskjellige måter kan vi ane Hans nærvær, men også fortvile over Guds tilsynelatende fravær. Både tragedien i Japan og våre egne hverdagstragedier finnes i dette landskapet.

Noen ganger orker vi verken å be eller tro, – og godt er det da at det finnes noen rundt oss som kan ta den jobben for oss.

Lørdag ble fokuset satt på Gudsbilde/Selvbilde og Forandring.

At vårt Gudsbilde er preget av våre relasjoner og oppvekst er noe vi vet mer om i vår tid. En ”barnetro” bærer ofte fars-

bildet i seg – og heldig er den som har hatt en far som er verdt dette” gudforbilledlige”.

De aller fleste av oss må undervegs i livet forlate våre gudsbilder og la dem formes på nytt, noe som ofte innebærer smertefulle prosesser. Hver gang bildet formes på nytt i møte med livet kan det kjennes som om vi mister det lille vi hadde igjen av tro.

Til slutt sitter vi kanskje igjen med ”lyden av den stille susing, eller vinden som omgir oss. Vi ser den ikke men kan kjenne dens nærvær –”

”Troen er ikke noe vi finner tilbake til, det er noe vi finner fram til. Jeg har prøvd å la min tro utfordres av det som har møtt meg. Tåler den ikke det, er den ikke mye verdt. Jeg har jo hatt mine tunge ting-” (Sitat Johan Arnt Wenaas Vårt Land 2008)

Takk Johan Arnt og takk til alle dere som møtte opp og delte av liv og tro med fellesskapet.

*Tekst: Kirsti Hjørnevik
Foto: Gry Netland-Ebbesen*



Samlinger i Surnadal

Bønemøte i Kyrkjelydshuset kvar måndag kl. 20.00

Normisjon:
Langfredagsmøte i Eidet bedehus kl. 19.30
Møte i Kyrkjelydshuset søndag 5. juni kl. 11.00

NLM:
Møte i Dønnem bedehus 1. påskedag kl. 19.30
Møte i Kyrkjelydshuset 2. påskedag kl. 11.00

Kristi Himmelfartsdag
Misjonsfest i Eidet bedehus kl. 19.30 – NLM og Normisjon

Neste nummer kjem veke 23. Frist for innsending av stoff er 19. mai.



Gudstenester

Palmesøndag, 17. april*Joh 12,1-13*

- Halsa kirke kl.11:00 Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Hov kirke. kl. 11:00 Laskerud. Nattverd.
- Øksendal kyrkje. kl. 19:00 Laskerud. Takkoffer til NMS. Øksendal songlag tek del. Kyrkjekaffe
- Mo kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste. M.Boye. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Redd Barna
- Stangvik kyrkje kl 19:30 Kveldsmesse. Påskevandring. Nattverd. B. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Servering
- Osmarka kapell kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Edgar Fredriksen. Takkoffer til Familie og medier.

Skjærtorsdag, 21. april*Luk 22,14-20*

- Valsøyfjord kirke kl.19:00 Måltidsgudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Øvre Rindal kapell kl. 19:30 Nattverdsgudstjeneste. L. Gåsvatn Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Sunddal helsetun. kl. 10:00 Storset. Nattverd.
- Ålvundeid kyrkje. kl. 19:00 Boye. Nattverd.
- Hov kirke kl 20:00 "Jesu 7 ord på korset" (Haydn). Kveldsmat på Kirketunet.
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Nattverdsgudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til misjonsprosjektet i Beghi
- Todalen kyrkje kl. 19:30 Kveldsmesse. Nattverd. B.Venås. Takkoffer til Kirkens nødhjelp
- Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Prost Gerd Anne Aarset. Høymesse.
- Straumsnes kyrkje kl. 16:00 Prostiprest Leif Endre Grutle. Høymesse. Nattverd. Offer: Kirkens SOS
- Silsetfjellet kl.12:30 Andakt. Dahle.
- Øre kyrkje kl.19:30 Høgmesse. Nattverd. Dahle.

Langfredag, 22. april*Luk 22,39-23,46*

- Halsa kirke kl.11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens Fengersarbeid.
- Eldresenteret Rindal kl.11:00 Nattverdsgudstjeneste. L. Gåsvatn
- Hov kirke. kl. 11:00 Storset.
- Åsskard kyrkje kl. 19:30 Påskesongmesse. Nattverd. B.Venås. Påskevandring. Kveldsmat.
- Gjemnes kirke kl.11:00 Pasjonsgudstjeneste. Dahle

Påskedag, 24. april*Matt 28,1-8*

- Valsøyfjord kirke kl.11:00 Høytidsgudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Det norske misjonsselskap, Stavanger.
- Rindal kyrkje kl.11:00 Høytidsgudstjeneste . L Gåsvatn . Takkoffer til NMS
- Hov kirke. kl. 11:00 Høytidsgudstjeneste. Storset. Takkoffer.

- Romfo kyrkje. kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. Boye. Takkoffer til Sjømanns misjonen.
- Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. Laskerud. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. B.Venås. Takkoffer til Det norske misjonsselskap
- Øye kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. L.E.Grutle. Nattverd. Takkoffer til Kirkens bymisjon, Trondheim.
- Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Prost Gerd Anne Aarset. Høymesse. Offer: Menighetsfakultete. Kyrkjekoret deltek.
- Øre kyrkje kl.11:00 Høgtidsgudsteneste. Dahle. Messingblås. Takkoffer til Møre i misjon.

Andre påskedag, 25. april*Luk 24,13-35*

- Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Prost Gerd Anne Aarset. Høymesse. Offer: Egen menighet
- Gjemnes kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Dahle Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Kirkekaffi.
- Kyrkjelyds huset Skei kl. 11:00 Gudstenesteleg møte Norsk luthersk misjonssamband
- Haugligardane Todalen kl. 12:00 Friluftsgudsteneste. B. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

28.april. torsdag e.påske

- Øye kyrkje kl. 18:00 Samtalegudsteneste. L.E. Grutle

1. søndag etter påske, 1. mai*Joh 20,19-31/Am 5,14-15*

- Halsa kirke kl.11:00 Overhøringsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens bymisjon i Trondheim.
- Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Høgmesse Takkoffer til Amnesty
- Hov kirke. kl. 11:00 Storset.
- Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Sokneprest Cathrine Grutle. Samtalegudstjeneste. Nattverd. Offer : Egen menighet.

2. søndag etter påske, 8. mai*Joh 10,11-16*

- Rindal kyrkje kl. 19:30 Samtalegudstjeneste L. Gåsvatn Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Hov kirke. kl. 10:30 Konfirmasjonsgudstjeneste. Storset, Laskerud. Takkoffer.
- Hov kirke. kl. 12:30 Konfirmasjonsgudstjeneste. Storset, Laskerud. Takkoffer.
- Øksendal kyrkje. kl. 11:00 Konfirmasjonsgustjeneste. Boye. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Øye kyrkje kl. 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Øye kyrkje kl 12:30 Konfirmasjonsgudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Stangvik kyrkje kl 19:30 Ungdomsgudsteneste. B. Venås. Takkoffer til konfirmantarbeidet
- Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Sokneprest Cathrine Grutle. Samtalegudstjeneste. Nattverd. Offer : Egen menighet
- Gjemnes kirke kl.11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Dahle. Takkoffer til Menighetsarbeidet.
- Øre kyrkje kl. 19:30 Gudsteneste. Nattverd. Dahle Takkoffer til KRIK.

11.mai Onsdag e. 2. s. e. påske

- Øye kyrkje kl. 18:30 Vårkonsert med Jubilate og barnekoret Salt&Pepper.

3. søndag etter påske, 15. mai*Joh 16,16-22*

- Valsøyfjord kirke kl.11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Hov kirke. kl. 11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste. Storset, Laskerud og Boye. Takkoffer.
- Ålvundeid kyrkje. kl. 13:00 Laskerud. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Ranes kyrkje kl. 10:30	Konfirmasjon Konfirmasjonsgudstjeneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Ranes kyrkje kl. 12:30	Konfirmasjonsgudstjeneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Todalen kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Øre kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. mai (Grunnlovsdag), 17. mai*Luk 1,50-53*

Halsa sjukeheim kl. 10:00	Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Redd barna.
Rindal kyrkje kl. –	Se oppslag med program for dagen. Familie gudstjeneste Einy R Elgsæter
Hov kirke. kl. 11:00	Høytidsstund. Storset. Dalen Mannskor deltar
Øksendal kyrkje. kl. 12:00	Boye.
Gjøra kapell. kl. 12:30	Storset.
Ålvundeid kyrkje. kl. 13:00	Laskerud. Takkoffer til Bistandsprosjekt. Aserbajd sjan.
Mo kyrkje kl. 10:00	Gudstjeneste. Prost G.A.Aarset. Takkoffer til SOS barnebyer.
Stangvik kyrkje kl. 10:00	Gudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til kirkens bymisjon
Øye kyrkje kl. 12:00	Gudstjeneste. Prost G.A.Aarset. Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid
Åsskard kyrkje kl. 12:00	Gudstjeneste. E. Blomstrøm. Korsong. Takkoffer til Redd Barna
Todalen kyrkje kl. 14:00	Gudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til Amnesty International
Tingvoll kyrkje kl. 10:30	Sokneprest Cathrine Grutle. Festgudstjeneste. Offer: Bunda
Straumsnes kyrkje kl. 13:00	Sokneprest Cathrine Grutle. Festgudstjeneste. Offer : Bunda
Øre kyrkje kl. 11:00	Gudstjeneste. Dahle. Batnfjord musikklag. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Gjemnes kirke kl. 13:00	Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til menighetsarbeidet.

4. søndag etter påske, 22. mai*Joh 16,5-15*

Halsa kirke kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet
Rindal kirke kl. 11:00	Gudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Menighetsarbeidet
Hov kirke. kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. Storset, Laskerud og Boye. Takkoffer.
Ålvundeid kyrkje. kl. 13:00	Laskerud. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Konfirmasjon
Mo kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Stangvik kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Tingvoll kyrkje kl. 11:00	Prost Gerd Anne Aarset. Høymesse. Offer: Changemaker
Øre kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 28. mai

Rindal kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste L. Gåsvatn
-------------------------	--------------------------------------

5. søndag etter påske, 29. mai*Ef 3,14-21*

Rindal kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste L. Gåsvatn Takkoffer til NKSS
Hov kirke. kl. 11:00	Boye. Nattverd.
Romfo kyrkje. kl. 11:00	Storset. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Konfirma

Øye kyrkje kl. 11:00	sjon Høymesse. Nattverd. L.E.Grutle. Takkoffer til Kirkens SOS
Straumsnes kyrkje kl. 11:00	Prest Erik Blomstrøm. Nattverd. Offer: IKO
Bergsøy bedehus kl. 11:00	Gudstjeneste Dahle. Takkoffer til Bergsøy bedehus.

Kristi himmelfartsdag, 2. juni*Luk 24,46-53*

Halsa kirke kl. 11:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Blå kors.
Øvre Rindal kapell kl. 11:00	Høymesse kl. 11.00 L.Gåsvatn Takkoffer til NLM
Hov kirke. kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Storset. Barne- og minigospel deltar. Takkoffer. Sommeravslutning for Barne- og minigospel og søndagsskolen med grilling og lek i prestegårdshagen etter gudstjenesten. Alle velkommen (ta med grillmat).
Åsskard kyrkje kl. 11:00	Konfirmasjonsgudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Osmarka kapell kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Mennes keverd

6. søndag etter påske, 5. juni*Joh 15,26-16,4a*

Saltrøa kl. 11:00	Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Kirkekaffe. Takkoffer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.
Rindal kyrkje kl. 11:00	Høymesse L. Gåsvatn Takkoffer til Kirkens bymisjon
Hov kirke. kl. 11:00	Laskerud. Nattverd.
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Boye. Takkoffer til Norges Kristelige Stud.-og Skoleungd.lag.
Kyrkjelydshuset på Skei kl. 11:00	Gudstjenesteleg møte
Nordvik forsamlingshus kl. 11:00	Gudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til kyrkjebladet
Tingvoll kyrkje kl. 10:30	Sokneprest Cathrine Grutle. Konfirmasjonsgudstjeneste. Kyrkjekoret deltek. Offer : Egen menighet
Tingvoll kyrkje kl. 12:30	Sokneprest Cathrine Grutle. Konfirmasjonsgudstjeneste. Kyrkjekoret deltek. Offer : Egen menighet
Øre kyrkje kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Dahle. 6- og 7-åringane spesielt invitert. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkje kaffi.

Pinsedag 12. juni*Apg 2,1-11*

Hov kirke. kl. 11:00	Høytidsgudstjeneste. Storset.
Romfo kyrkje. kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. Laskerud.
Stangvik kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. Fellesgudstjeneste. B.Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Stangvik kyrkje kl. 14:30	Konsert. Vårsøghelga
Straumsnes kyrkje kl. 11:00	Sokneprest Cathrine Grutle. Konfirmasjonsgudstjeneste. Straumsnes songlag deltek. Offer : Egen menighet
Gjemnes kl. 11:00	Høytidsgudstjeneste. Dahle. 6 og 7-åringane spesielt invitert. Takkoffer til menighetsarbeidet. Kirkekaffi.

Andre pinsedag, 13. juni*Joh 3,16-21*

Halsa kirke kl. 19:00.	Høytidsgudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon, DNK i utlandet, Nordmøre og Romsdal krets.
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Høytidsgudstjeneste. Laskerud.
Kyrkjelydshuset på Skei kl. 11:00	Gudstjenesteleg møte
Øre kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. Dahle. Nattverd. Takkoffer til Nordm og Romsdal indremisjon.

Andakt

Kjærlighetens vei

2-åringen min danset på gulvet. Rundt og rundt, jublet av glede til musikken: "Nå er det jul igjen, nå er det jul igjen, og jula varer helt til påske... Nei, det er ikke sant, nei, det er ikke sant, for der i mellom har vi faste"... Glede og forventning, slik bare barn kan!

Veien gikk med englesangen til krybben, nå møter vi utfordringen i fasten: "Nei, slik er fasten som jeg vil ha: at du løslater dem som med urett er lenket, sprenger båndene i åket og setter de undertrykte fri, ja, bryter hvert åk i stykker, at du deler ditt brød med dem som sulter, og lar hjemløse stakkarer komme i hus, at du sørger for klær når du ser en naken, og ikke svikter dine egne" (Jes. 58,6-7) Utfordringer nok for hele livet... Og velsignelse...!

Ja, tenk, for en rikdom! Vi som har "alt" trenger kanskje en ekstra påminnelse om hva som virkelig gjør oss rike... Hjelp til å velge en annen vei enn den selvfokuserte, mot til å velge "motstrøms", hjelp til å velge - kjærlighetens vei...?

Hvor skal du videre, - i påska??? Til dine ferieparadis? Fjellet, fjæra, bygatene, sofakroken...? Til den tomme grav...?

Kvinnene kommer som de første til graven, og møter det totalt uventede i engels ord: "Frykt ikke! Jeg vet at dere søker Jesus, den korsfestede. Han er ikke her, han er oppstått, slik som han sa. Kom og se stedet hvor han lå! ...De skyndte seg da bort fra graven med frykt og stor glede... Da kom Jesus mot dem og sa: "Vær hil-

set!" De gikk fram og omfavnet hans føtter og tilbad ham. Jesus sa til dem: "Frykt ikke!"... (Matt 28,1-10)

Gud ga, på nytt igjen, seg selv. Først i krybben, til menneskenes kår, til livet selv. Så i døden... Han gikk kjærlighetens vei, for oss... Han kan virkelig løslate dem som er lenket, sprengte bånd, sette undertrykte fri, dele brød, la hjemløse komme i hus, sørge for klær og - svikter ikke sine egne...

Jul, faste, påske... Kjærlighetens vei. Finnes det noen bedre vei? Hvorfor ikke vandre den... nå?!

Diakon Gry Netland-Ebbesen

DØYPTE — VIGDE — DØDE

Døpte:

HALSA

20.02. Erlend Saltrø Polden.

RINDAL

20.02. Marius Helgetun
20.02. Ottar Helgetun
13.03. Maja Krogh Skjermo

HOV

16.01. Eirin Bersås
30.01. Rebekka Bjerkseter
06.02. Julie Ingebrigtsen Ødegård
13.02. Emil Sletnes Torsmyr
20.02. Anna Gundersen
27.02. Emilie Langseth Gregersen
27.02. Markus Hamstad
13.03. Siril Aaram Schaanning
20.03. Pernille Lauritzen Bråten

ÅLVUNDEID

13.02. Markus Mellemseter Nes
13.03. Theo Volden Gravem

ØYE-RANES

20.02. Amund Hoem
27.02. Sofia Smevoll
27.02. Vanja Halle
27.02. Per Emil Røen

MO

20.03. Elias Brauten

STANGVIK

30.01. Trygve Kjølstad Røen
30.01. Magnar Vikan

ÅSSKARD

13.02. Harald Gjengstø
06.03. Ådne Solem Måøy
06.03. Ola Teilgård Holten
06.03. Magnus Sæterbø

TINGVOLL

13.03. Halvor Hagen Sira
13.03. Signe Lie Bergheim

27.03. Tobias Berg Strupstad. Døpt i Trondenes

STRAUMSNES

20.03. Emmeli Aasen
20.03. Ingeborg Louise Romundstad Nørbech

GJEMNES

20.02. Isak Høgset Gulstad

Vigde:

ROMFO

05.03. Ane Marthe Furset Sivertsen og Per Grødal

HOV

25.02. Una Kristin Ødegård og Robert Gjerde

Døde:

HALSA

31.01. Børre Normann f. 1962

RINDAL KIRKE

26.01. Lars Olav Jonli f. 1919
01.02. Magnar Møkkelgård f. 1923
11.02. Ola O Bolme f. 1922
03.03. Lars Foseide f. 1920

ØVRE RINDAL KAPELL

25.01. Johanna Storløyken f. 1914
28.02. Jon S Skjølsvold f. 1915

ROMFO

22.01. Torleif Nisja f. 1935
02.02. Borghild Bjørbekk f. 1927

HOV

26.01. Ole Edgar Aaker f. 1931
20.02. Mildrid Herskedal f. 1922
Eide kirkegård
27.02. Ruth Røkkum f. 1922
01.03. Oddmund Torvik f. 1928
Øre kirkegård

06.03. Gyda Fostervoll f. 1927
10.03. Per Bakk f. 1965

Løykja kirkegård

ÅLVUNDEID

13.02. Arne Gjersvoll f. 1933
13.03. Eli Nordvik f. 1914

ØYE-RANES

15.01. Paul Sylthe (retting) f. 1930
05.02. Ivara Ellevset f. 1912
07.02. Asbjørn Holten f. 1929
25.02. Målfrid Marie Liabø f. 1932
04.03. Laura Marie Sundli f. 1930
07.03. Peder Olav Garthe f. 1921
16.03. Svein Arne Andersen f. 1948

MO

27.02. Ingeborg I. Moen f. 1916

STANGVIK

22.02. Eldrid Gjeldnes f. 1959
03.02. Ola Brøske f. 1927

TINGVOLL

28.01. Paul Meisingset f. 1930
31.01. Jon Torjul f. 1928
09.02. Liv Røv Holmeide f. 1960
14.02. Solfrid Erlandsen f. 1943
05.03. Aud Hegerberg f. 1931
08.03. Sigurd Aksnes f. 1919

STRAUMSNES

09.02. Asbjørn Storvik f. 1920

ØRE

10.02. Svein Gunnar Morewood f. 1952
23.02. Gunnvor Eline Nilssen f. 1921
23.02. Eldbjørn Høgset f. 1956
01.03. Oddmund Torvik f. 1928

GJEMNES

20.02. Karoline Petra Hjortnes f. 1931



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Deg være ære, Herre over dødens makt!

Nå er det nesten 2000 år siden Jesus ble korsfestet. Hver påske minnes 2,26 milliarder kristne rundt om i hele verden hans død og oppstandelse. For meg er Jesu oppstandelse viktig. Det forteller meg at alle som tror på Ham, vil få det evige liv. Derfor er påskedagen den viktigste dagen i hele kirkeåret, viktigere enn langfredag og julaften.

Hele historien om Jesu død og oppstandelse er nøye nedskrevet i Bibelen for å fortelle oss i dag og til enhver tid den store historien. For å understreke sannheten, har evangelistene nevnt vitner som har sett den oppstandne Jesus. Dette er interessant, men her ligger også en utfordring til alle troende kristne i dag. Fordi disse vitnene er døde, må jeg ha troen på at denne oppstandelseshistorien er sann.

Det er vanskeligere for oss som lever i dag å vite sannheten om dette, enn de menneskene som var vitne til Jesu oppstandelse.

Før Jesus oppsto fra de døde, led han en pinefull død. I "Acta Pilati" står det at Jesus var korsfestet den 25.mars i året 29. Fastspikret på et trekors, forlatt av alle disiplene, måtte hans siste timer vært svært smertefulle. Den tidligere Rindals-legen Gløer Halvorsen fortalte meg engang, at han trodde Jesus føtter var spikret fast på korset 20 cm over bakken.

Under store smerter ber Jesus en Davids-salme, som begynner med disse ordene:

"Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg?" (Salmenes bok 22)

Pga skadene han fikk av torturen klarte han ikke å bære det tunge korset helt frem til henrettelses-plassen, Golgata. Han fikk hjelp fra en annen mann. Etter å ha drukket eddikvin fra en svamp, døde Jesus. Dette indikerer at han hadde store indre skader pga torturen han led før korsfestelsen.

Ut ifra Evangeliet etter Markus, ble Jesus kropp tatt ned fra korset om kvelden samme dag. *Det var forberedelsesdagen – det vil si dagen før sabbaten – og det var alt blitt kveld. Josef fra Arimatea, en høyt aktet rådsherre som selv ventet på Guds rike, tok da mot til seg og gikk til Pilatus og ba om å få Jesu kropp. Pilatus fant det underlig at han allerede skulle være*



Oppstandelsen, fra altertavla i Halså kirke. Foto: Blomstrøm

død, og tilkalte offiseren og spurte om han hadde vært død lenge. Da han hadde fått det bekreftet fra offiseren, lot han Josef få liket. Han kjøpte da et linklede, tok Jesus ned, svøpte ham i det og la ham i en grav som var hogd ut i bergveggen, og rullet en stein foran inngangen til graven. (Evangeliet etter Markus 15; 42-46)

Ingen mennesker vet når Jesus har oppstått. Det vet kun Gud! Men vi vet fra vitner at det skjedde mellom fredag kveld og søndag morgen. Da noen kvinner kom til graven den tredje dagen, var graven tom. De møtte to engler der. Jeg finner en lignende historie i Jesu fødsel. Også denne gangen ble hyrdene på markene møtt av en engel som fortalte dem om at en frelser var født i Davids by. Begge gangene ble menneskene veldig reddet, og englene sa til dem – Frykt ikke! Englene med budskapet møtte noen av de aller fattigste og svakeste i samfunnet. Både hyrdene og kvinnene som fikk kontakt med englene, var verken kongelige eller rike. De var mennesker som lett ble oversett og ledd av. Men det var akkurat slike mennesker som Gud valgte.

Oppstandelsen ble oppdaget søndag morgen, den første dagen i uken. Derfor feirer vi gudstjenester på alle søndager i kirkeåret, for å minne oppstandelsen.

Silvio Krauss

Jesus sier (til henne): «Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø. Tror du dette?»

Evangeliet etter Johannes 11; 25,26

Påskenhøytid i kirka

De fire gudstjenestene fra palmesøndag til påskedag forteller hver si historie. Til sammen gir de oss evangeliet om Jesu lidelse og død. De to mest særprega gudstjenestene er nok måltidsgudstjenesta skjærtorsdag og pasjonsgudstjenesta langfredag.

Måltidsgudstjenesta er den nyeste i formen. Det er bare fire år sia første gangen menigheta samla seg rundt et bord og lot et kveldsmåltid være ramma for gudstjenesta. Forsøket har vært vellykka og folk har gitt uttrykk for at det er fint å komme til en anderledes gudstjeneste.

Vel møtt til påskenhøytid i Halså kirke og Valsøyfjord kirke!!

EB



SURNADAL

Øye - Mo - Ranæs

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranæs kyrkje - Stangvik kyrkje



Kyrkjejubileum

Todalen kyrkje har alt hatt fleire jubileumsmarkeringar.

I Januar starta soknerådet med å invitara til misjonskveld i samarbeid med Todalen misjonsforening. Stort og allsidig program med song frå misjonslanda ved Todalskoret og frå bedehusland ved Karen Oddny og Sigfred Gravvold og Oddmund Solem, tale, song og musikk ved sokneprest Bjørn Hovde og historiske overblikk ved Bernt Bøe (kyrkja), Einy Rendal Elgsæther («Gammelmisjonen») og Lovise Jørgensen («Sjømannsmisjonen»). Det var spesielt fint å høyra Margrete Hals, som hadde vore formann i foreninga i 40 år, fortelja kva kallet til teneste i misjonen betydde for henne og for å bevare trua. Ho vart overrekt velfortent blomster frå soknerådet.

I februar var markeringa familiegudsteneste med utgangspunkt i opplegget Tårnagentene.

I mars vart jubileet kombinert med ein fin fastesongkveld der Todalskoret hadde hovedansvaret.

Bernt Bøe viste ein lysbiletkaavalkade frå kyrkjas historie, det var allsong og framføring av kantaten «Visst skal våren komme» m fl songar ved Todalskoret og Åsskard kyrkjekor. Tekstlesar var Torgrim Tunes. Vakker solosong ved Nora.

Kvelden var ein kombinasjon av fasteinngang og tredje markering av kyrkjejubileet, samt litt Elias Blix-jubileum.

ERE

Spesiell høgmesse i Stangvik

Søndag 13. mars vart ei uvanleg gudsteneste halden i Stangvik kyrkje, der den liturgiske delen vart ivaretatt av Kristiansund Kammerkor og Orkester med solistar og dirigent Peder A. Rensvik. Kyrkjelyden fekk også syngja kjente salmar, men den utvida liturgidelen frå Mozarts «Kroningsmesse» var ei mektig oppleving.

Den unge sopransolisten Sigrud Vetleseter Bøe, med far som arrangør av gudstenesta, imponerte stort i dei krevjande solopartia.

I ei helg som denne med den fryktelege jordskjelv- og tsunamikatastofen som ferskt bakteppe, gjorde Kyrieropet sterkt inntrykk og gav rom for vårt eige rop: «Herre, miskunna oss! - Du Guds Lam, som bar verdsens synder, miskunna deg over oss! - Kyrie Eleison!»

Orkesteret hadde også ei avslutningsavdeling med Mozarts Sinfonia Concertante i Ess-dur med fiolin og bratsjsolistar.

ERE

«Når Gud åpner dører, åpner det seg spennende nye muligheter.»
 Sigmund Evensen, daglig leder av Wycliffe i Norge
 (Wycliffe: Internasjonal bibeloversettelsesorganisasjon)



Foto: Bernt Bøe

Babysong våren 2011

Kyrkja i Rindal og Surnadal ønskjer velkomen til ny runde med babysong på kyrkjelydshuset på Skei frå 18. mars (samling kvar fredag, 10 gong). Dette er trusopplæring for dei minste i kyrkjelydane med kjende og nye barnesongar, regler, lek og samspel mellom foreldre og barn. Programmet startar kl. 11.00, med ca 40 minutters kursdel og lunsj i etterkant (kr 30,-). For meir informasjon sjå www.surnadal.kirken.no eller ring kyrkjekontoret i Surnadal 71657060.

Kurshaldar: diakon Gry Netland-Ebbesen



Margrete Hals flankert av Einy og Ildri. Foto: Bernt Bøe

Songkveld i Øye kyrkje 23. mars

Songkvelden i Øye kyrkje hadde fokus på salmediktaren Svein Ellingsen. Det var mykje allsong frå Svein Ellingsens rikhalde salmepoetiar, men også fin korsong av Åsskard kyrkjekor og Todalskoret som og framførte «Visst skal våren komme» av Eivind Skei og Sigvald Tveit under leiding av Bernt Bøe. Oddveig Helseth Halle spela orgel og Christian Madaus fløyte. Kåseri om Svein Ellingsen ved Einy Rendal Elgsæther.

Tekst og foto ERE



STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Tørsåslødag med sportsandakt og Telenorkarussell

Det har vorte tradisjon i Rindal at IK Rindals-Troll og kyrkjelyden går saman om ei samling på Tørsåsløa i Tørsetmarka ein søndag i mars. Samlinga i år vart ei av dei mest vellukka med mykje folk, vindstilt og fin temperatur, sjølv om sola ikkje kom heilt igjennom.

Sokneprest Lene Gåsvatn og kantor Daniel Bjørlo leda oss gjennom sportsandakten, der temaet var den kanaaneiske kvinna. Johan Landsem og Oddbjørn Heggem tok så over regien og organiserte det tredje og årets siste i Telenorcup. Til saman har 70 unge delteke i dei tre Telenorrenna i år. 46 deltok i dagens renn.

Heile dagen gjekk vaffelpressa og kaffe-

traktaren, styrt av dyktige dugnads- hender.

Mange nytta også dagen til å ta seg ein tur vidare innover etter det fint oppkjørte sporet.

Til s a m a n gjorde alt dette dagen til ei fin og avstressande oppleving for oss andre.



Tekst/foto: OleT

Jubileumsprogram for Øvre Rindal kapell

1.mai.kl.11.00	Høgtidsgudstjeneste med påfølgende temadag i Lomundsjø bedehus. Tema: Kristelig aktivitet i Øverbygda.
12.juni: KIRKEFEST	Pinsespill med Salt og Pepper
Kulturvøkku:	Kulturvandring på kirkegården og i kirka.
26.-28.august:	Jubileumshelg
	Konsert - Jubileumsgudstjeneste og Jubileumsfest.
Oktober:	Konsert med studentkoret AURUM
November:	Sangkveld i Kapellet

Elsa

Gudstenestereforma

Gudstenestereforma kom i gang i 2004 og vart behandla på Kyrkjemøtet i november 2010. Skal vedtas på Kyrkjemøtet i vår og setjast i kraft frå 1. søndag i advent i år. Det blir ny ordning for hovedgudstjenesta, ny dåpsliturgi og ny tekstbok. Det blir også lagt opp til meir valfridom og større lokal variasjon. Motforestillingane til dette har vore at vi ikkje vil kjenna att gudstjenesta frå kyrkje til kyrkje.

Ny leiar i Norges Kristne Råd

Nonne Else-Britt Nilsen frå Den katolske kirke er innstilt som einaste kandidat til styreleiar i Norges Kristne Råd, som er eit nasjonalt, felleskyrkjeleg råd i Norge. Nilsen er dominikaner og teolog med doktortrad i teologi. Ho er deltidsforskar ved Teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo og professor ved Menighetsfakultetet.

Takk

Takk for all vennlig deltakelse ved Johanna Storløkkens begravelse. En stor takk til hjemmesykepleien og Rindal Helsetun for god og omsorgsfull pleie.

Familien.

Ny bibel i Vietnam

I det tradisjonelle buddhistiske landet Vietnam, med 8 % kristne, vart det i september 2010 presentert ei ny revidert utgåve av Bibelen. (Kjelde: Nytt om Bibelen, Bibelselskapet)

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 10.–12. april

– Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon søkjelyset på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom.

– Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Rindal, Surnadal og Stangvik kyrkjelydar arrangerer aksjon tysdag 12. april, mellom ca kl. 17.00-20.00

– Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

– Om du ikkje får gi då, støtt gjerne aksjonen direkte ved å:

o Nytte kontonummer
1594.22.87493.

o Ringje givartelefon
820 44 088 (200 kroner)

o Sende ein sms til 2090
(100 kroner)



Bibelstudie

Rundt om i distriktet vårt er det mange bibelstudiegrupper, som tek Guds ord på alvor når Bibelen seier vi skal granska skriftene.

Ei av desse gruppene er i Rindal. Grappa består av fem medlemmar av kvinner og menn som samlast omlag ein gong i månaden til studie og samtale over eit bestemt tema. Det som er det aktuelle temaet i år, er «Den romslige kirke», ut frå boka med same tittel av Johan Arnt Venås, som nettopp hadde inspirasjonshelg i Surnadal. Dei les frå boka og samtaler om temaet.

Nils Joralf Stavne er ein av dei aktive i grappa. Han meiner det er verdifullt å lesa og samtale i lag ut frå studieopplegget som omhandlar fundamentale og eksistensielle trusspørsmål.

«Det er mange ting ein har hatt fasitsvar på, men som kanskje ikkje er så enkelt. Ein kan ikkje få Gud på ein formel. Kanskje ein har lagt for mykje vekt på enkeltord utan å sjå sam-

menhengen,» seier Nils Joralf, som anbefaler andre eit slikt samtaleforum.

Studieopplegget henviser til Bibelen og slik hjelper det ein til å studera Guds ord.

Eit vanskeleg spørsmål er t.d. problemet omkring Gud og det vonde. Og kva med «englevakt»? Når nokon blir berga i ein naudsituasjon, er vi snare til å seia at dei hadde «englevakt». Men kva med dei som ikkje vart berga? Og kven er det som forårsaker ulukke og naturkatastrofer?

Stavne meiner det er godt og nyttig å snakka sammen om slike vanskelege ting. Samtidig kan ein også ta opp personlege problem, noko som vil vera taushetsbelagt i grappa.

Sjølvsagt er ei slik gruppe også eit sosialt fellesskap med ein kaffekopp og prat om kvar-dagslege ting.

Dette er ikkje ein type møteverksemd som er utoverretta.



Frå venstre: Ole Trygve Foseide, Randi Haugland, Nils Joralf Stavne og Kjellaug Foseide samla til samtalekveld. Ragnhild S.Bolme var ikkje tilstades denne kvelden. Foto: Ole T

Ein annonserer ikkje møta, men ønskjer å vera til inspirasjon til tru og liv for dei som er med.

Kyrkjebladet vil gjerne koma i kontakt med fleire slike grupper for å høyra korleis dei arbeider, og kanskje inspirera andre til å bli med.

ERE

Dødehavsrullane

Sidan 1947 er det funne fragment av om lag 900 religiøse dokument i holer nær Qumran-ruinen ved Dødehavet. Dei eldste kan tidfestast til 200-talet før Kristus, dei yngste til Jesu levetid. Mange av bibeltekstane inneheld bibeltekstar. Dette er dei eldste bibelmanuskripta som finst. Det er funne fragmenter frå nær samtlige skrifter i Det gamle

testamentet i Qumran. Dei fleste tekstene er skrivne på hebraisk, ein del på arameisk og nokre få på gresk. Det har vore lagt ned eit enormt arkeologisk, teologisk og historisk arbeid heile perioden frå 1947 for å rekonstruera og ivareta desse verdifulle arkeologiske funna.

I oktober 2010 kunngjorde israelske kulturminnestyresmakter at dei i samarbeid med

Google skal gjera dei såkalla Dødehavsrullane fritt tilgjengelege på internett i form av avanserte foto av tekstene, men også omsetjingar og anna dokumentasjon, iflg Israel Antiquities Authority.

(Kjelde: Nytt om Bibelen, Bibelselskapet)



Foto frå Wikipedia

815 33 300
Kirkens SOS

**Kyrkjeblad for
Indre Nordmøre**
Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
71 66 02 81
E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit Design og
Kommunikasjon as
71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå menyen øvst til venstre på nettstaden